


# Kyrkjelydsblad

## for Arna prestegjeld

Nr. 10

Arna Desember 1969

2. årgang



*Frå Jes. b. kap. 9.*

*Det folket som ferdast i myrkeret, skal sjå eit stort ljós, yver dei som bur i daudeskuggelandet, skal ljøset stråla. Du aukar folket som du fyrr ikkje gav stor glede. Dei gled seg for di åsyn som ein gled seg i kornskurden, som ein frygdar seg i kornskurden, som ein frygdar seg når herfang vert utskift.*

*For det tunge oket, kjeppen til ryggen deira, staven åt drivaren deira, hev du brote sund, liksom på Midiansdagen. For kvar ein støvel som stauka i stridsny, og kvar blodsulka klædnad skal brennast og verta mat åt elden.*

*For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven, og herreveldet kviler på hans herdar, og han heiter under, rådgjevar veldig Gud, ævleeg fader, fredsfyrste. Stort skal herredømet hans verta yver Davids kongsstol og yver riket hans. Det skal stydjast og haldast uppe med rett og rettferd, frå no og til æveleg tid.*

*Og frå Joh.ev. 8,12.*

*Eg er ljøset åt verdi. Den som fylgjer meg, skal ikkje ganga i myrkeret, men hava livsens ljós.*

Jul 1969.

## Gi Kristus rom

I juleevangeliet står det at Jesusbarnet ble født i en stall, fordi det ikke var rom for dem i herberget. Har det ikke vært slik siden også at det ikke har vært rom for verdens frelsar? Jo, ikke har han fått rom i det enkelte menneskehjerte, ikke i samfunnslivet og ikke i den verden han kom for å frelse, ja ikke alltid i sin egen kirke på jorden.

Hvorfor er det slik? Jesus har en gang gitt svar på dette: «Lyset er kommet til verden, og menneskene elsket mørket fremfor lyset, for deres gjerninger var onde».

I stedet for å tro lyset og følge det har menneskene så ofte latt seg lede av mørkemaktene, hovmod, egoisme, havepsyke og maktsyke. Derfor er verden, både i det små og i det store, kommet ut i det uføre vi er i idag.

Det er vel en trang hos alle å komme ut av uføret. Hvor går så veien til det? Etter Bibelen er det kort og godt sagt i overskriften over dette vesle stykke: Gi Kristus,

Fredsyrsten, rom. La han få rom i dine tanker, i din lesning, i din fritid, i dine ord og i din fred. Da har du — så langt det står til deg — gjort ditt til at det skal bli bedre.


Verden lever i frykt idag. Trusselen av en ny verdenskrig henger over oss, og alle vet at den kan bety utslettelse. Også de som styrer vet det — og frykter.

Men er det ikke botevon for oss mot denne faren? Jo, der er. Det kan kort uttrykkes med et par ord: Jesu Kristi sinnelag, fredens og forsoningens sinnelag. Dersom dette fikk lede i stedet for mistillit, egoisme og selvrådighet, så trengte vi ikke å frykte for atomkraften. Den ville bli et gode for alle i fredens og oppbygningens tjeneste.

Men skal det bli slik, må barnet fra Betlehem og det han kom for å gi, få rom hos oss alle, i hjerte og hjem, i by og bygd, i samfunn og i verden.

Derfor: Gi Kristus rom.


*Knut Sellevoid.*



## Ny messehagel til Arna kyrkja

Joledagen skal me ta nye messehagelen vår i bruk. Me har berre ein slik messehagel i kyrkja vår. Andre kyrkjer har fleire. Dei talar om liturgiske fargar. Kvitleten var den mest nytta i kyrkja. Sidan vart det fleire: kvitt, raudt, grønt, fiolett og svart. Svart har aldri vore nytta i Noreg. Men elles dei andre letene. Kvit messehagel som talar om det reine, ljose, heilage og gledelege, vert nytta, jol, påske, helgemess-sundag og Mariamess-sundagen. Den raude nytta dei: Pinstdagen, 2. joledag, Olsok. Der dei berre har ein messehagel lyt den vera raud. Guds kjærleikssymbol, blodet sin let og Andens eld. Den grøne skal tala om smaragd, regnbogen, om truskap og von. Den fiolette talar om vemod, anger bot. Og høver best i adventstid, fastetid og bededag.

Me i Arna får berre ein og det vert soleis ein raud ein. Kristogram på framsida, fykande duva med eldstråler i nebbet er brodert på baksida. Det er nokre kvinner og menn som har gjenge ilag for å få denne nye messehagelen til kyrkja. Gildt hadde det vore om me til kyrkja vår kunne få endå ein til byte.



## Helsing

Sokneråd og prestar ynskjer alle i kyrkjelyden ei god og signerik jolehøgtid.

Vi takkar for året som snart er ute og ynskjer Guds fred og signing over oss alle i nyåret 1970.

Vi vil seia med Dag Hammarskiöld:

### GI OSS

*et rent hjerte  
så vi kan se deg —*

*et ydmykt hjerte  
så vi kan høre deg —*

*et hjerte av kjærlighet  
så vi kan tjene deg —*

*et hjerte av tro  
så vi kan leve deg —*



## „Om“

Fri attgjeving av Kiplings dikt «If.»

Om du kan standa traust når alle rømer  
og ser på deg med mistru og med tvil,  
om du kan tru når all deg fordømer  
og taka klander med ein skjønsam smil,  
og kan med tolugt mot du alltid fara  
og møta skamlaus lygn med sanningsfred,  
om du kan hat med kjærleiks varme svara  
og teia med kor god og klok du er.

Om du får fagre draumesyner skoda,  
men lell er herre i di tankeverd,  
og kan du sjå med same ro på stoda  
såvel i nederlag som sigersferd,  
om du kan tolsamt høyra farkar rengjer  
og hånleg spottar dine alborsord,  
og om ditt livsverk dei i sunder sprengjer,  
så byggjer du eit nytt på berran jord.

Om du kan våga alt du eig, og tapa,  
i livsens lutspel ved det grøne bord,  
og så ta fatt og nye verde skapa  
og aldri nemna tapet med eit ord,  
om vonde makter med dei gode tevlar  
og tyner motet, fyller deg med sut,  
du endå allstøtt yter alt du evlar  
og fylgjer viljens røyst som byd: hald ut!

Om du med fant og fagnamann kan røda  
og te deg verdig, vera den du er,  
om du din nestes verkesår kan grøda  
og ingen skil på ven og fiend gjer,  
om du let fagre hugmål for deg lysa  
og stendig nyttar tidi best du kan,  
er verdi di, og alt ho munde hysa,  
ja meir enn det, min son, du er ein mann.

Eirik Skjerve.

P.S.

Med det same vil eg nytta høvet til å ynskja  
alle kjende i Arna gledeleg jol og godt nyår.

Beste helsing frå meg og mine.

B. S.

Tarjei Vesaas:

## Vise

Vi stod ei natt om våren  
framfor eit ore-tre.  
Der skar vi inn med kniven  
two namn i raude ved.

Og seint om sommarkvelden  
i sæterstoga sval,  
vi skreiv med kol på veggen  
two namn og årsens tal.


Når isen la om hausten  
på logne Venetjønn,  
vi skreiv two namn derutpå  
med kalde skeisejønn.

Om vinteren kom i lunden  
ein stein av mørke grjot.  
Eit einsleg namn er hoggi der  
og lyser Gud imot.

Dette diktet, henta frå «Kjeldene» 1946, var ei av oppgåvene i norsk ved joletentamen på Arna Realskule og gymnas for 2. gym. kl. i år. Dei skulle analysere diktet. Det er ein audmjuk tittel «Vise». Enkel skildring av to menneske som møtest og ritar namni sine fyrst i ore-tre med kniven, seinare dei same namna på veggen i sæterstoga, no med årstal attåt, skrivne med kol. Og når isen la seg på Venetjønn kunne ein endå lesa namni rita inn med kalde skeisejønn. Og tilsist det eine namnet åleine hogge i mørke grjot, som lyser Gud imot. Kanskje det var verd umaken om me alle saman prøvde analysen og såg at ei enkel

visa og kan gøyma på stor visdom og bodskap.

Og når me no har dikt for oss lyt eg og få nemna frank frode si vesle bok: «Draumane fivreld — lett dansar». Eg fekk henne seint i hand. Eg veit han er kjend i og glad i lyrikk. Fin opplesar er han og. Ein av Olav Nygård sine trugne og beste vener. Eit minnedikt er honom vigd. «Eg høyrer blide sonings-alvar bankar på dulde dører i mi såre sjel.» Han prøver seg og som omsetjar av framand lyrikk. Eg feste meg med ein gong ved: «Notti har augo i tuseundtal» (Francis William Bourdillon). «Teiknet», «Snøklokka», «Draumane fivrel-lett dansar» tykte eg og var gode dikt. «Mitt liv var rikt, då draumen alltid bar. Gud hjelpe den som ingen draumar har.» Eg tykkjer han syng vår sams visa her. Han skriv om draumen, men det er som om ordet er for veikt, me treng eit endå kvassare ord her — eg vil velja «tru». Boki med fager binding, — flaksande fivrel, — står truleg i glasset hjå Beyer, Indre Arna.



## Spar for framtida!

Ei bankbok er det beste grunnlag for å sikra barnas framtid.

Ei reserve i banken skapar tryggleik. Vegen til ordna økonomi går gjennom regelmessig sparing.

**BANK DET INN PA KONTO!**

## Arna Privatbank

### Kyrkjelege handlingar

#### DØYPTE:

- 9.11. Bente, foreldre: Ottar Arthur Vaksdal og k. Jorunn Karin f. Hundhammer.
- 15.11. Kurt Jakob, for.: Jakob Karl Bolstad og Ruth Johanne f. Marøy.
- 15.11. Bjørn, for.: Gunnar Arnetveit og Reidun Anne f. Aga.
- 16.11. Ragnhild, for.: Oddvar Mestad og Ingjerd Karin f. Paulsen.
- 16.11. Anita, for.: Rolf Nygård og Bjørg f. Nyland (D. i Lavik Kyrkja).
- 23.11. Erik, for.: Terje Iden og Olga Marie f. Borge.
- 23.11. Frode, for.: Finn Reidar Solberg og Vigdis Oline f. Raanes.
- 23.11. Svein Ove, for.: Ove Skjoldal og Tove Johanne f. Skjælø.

- 23.11. Geir, for.: Terje Øverlien og Berit f. Veseth.
- 23.11. Kai Inge, for.: Magne Revheim og Anne Mari f. Samuelsen.
- 23.11. Bjørn, for.: Asbjørn Garnes og Else Marie f. Nesbø.
- 23.11. Mona, for.: Rune Vevle og Liv Johanne f. Wiik.
- 23.11. Venke, for.: Arne Opedal og Sonja f. Hundhammer.
- 29.11. Svein Erik, for.: Richard Mjelde og Signhild Elida f. Andreassen.
- 29.11. Vidar, for.: Bjørn Steinar Hjortland og Eli f. Gjellesvik.
- 29.11. Frode, for.: Norvald Rolland og Olaug f. Kårtveit.
- 29.11. Sonja, for.: Hans Mellingen og Berly f. Neset.
- 29.11. Randi Johanne, for.: Bjørn Kjernlie og Karin f. Gravdal.
- 29.11. Wenche, for.: Bjørn Arvid Lone og Randi f. Vatlø.
- 29.11. Trine, for.: Erling Osland og Inger Marie f. Malnes.
- 29.11. Anita, for.: Kjell Karlsen og Liv Anni f. Nilsen.
- 30.11. Eldbjørg, for.: Per Holmaas og Bjørg f. Stavenes.
- 30.11. Edgar, for.: Albert Larsen og Brit Marit f. Solberg.
- 30.11. Tore, for.: Thomas Jarland og Anne-Britt f. Tverlid.
- 30.11. Håkon, for.: Håkon Fridtjof Fure og Klara Alfhild f. Brandsborg.
- 14.9. Bjørn Egil, for.: Botolv Fauskanger og Edny Oline f. Solheim. (i St. Markus.)
- 14.12. Holger, for.: Bjørn Henriksen og Merly Kristine f. Midtveit.
- 14.12. Trude Skare, for.: Terje Sigvard Larsen og Ingebjørg f. Skare.
- 7.12. Asle, for.: Lars Norvald Bjørndal og Kjellaug Johanna f. Blindheim.

## Val av nytt sokneråd i Arna

Ved val på nytt sokneråd i Arna søndag 30. november. Vart desse valde som soknerådslemer og varamenn:

#### Soknerådslemer:

Jens K. Hauge, Haukeland  
Oddmund Bildøy, Indre Arna  
Brita Romslo, Skyggjestrand.  
Lars Taule, Indre Arna  
Ingmar Ljones, Indre Arna  
Birger Børdal, Indre Arna.  
Sigurd Øyjord, Trengereid  
Ludvik Midtun, Trengereid.

#### Varamenn:


Brynhild Skjellbreid, Garnes  
Margot Skjoldal, Espeland  
Olai Skartveit, Haukeland  
Elsa Minde, Haukeland  
Marit Sture, Indre Arna.

Der vart i alt avgjeve 63 røyster.

## Diakontenesta

Konfirmantane våre gjorde god dugnad då dei ilag samla inn over 6 tusund kroner og sende via Kyrkja si naudhjelp til svoltne munnar i Biafra. Takkeskriv er kome til oss.

Takk til kvar og ein som selde og kjøpte matbilletten på kr. 2,50.



#### VIGDE:

- 29.11. Bjarne Anders Akselberg og Lillian Irene Skare.
- 5.12. Leiv Bjarne Sæle og Astrid Marie Lohne.

#### AVLIDNE:

- 4.12. gbr. h.v., enkjemann Karl J. Espeland f. 1894.

## Ytre Arna sokneråd 1970-74

Anker Rønhovde  
Arthur Gravdal  
Knut Brakestad  
Johan Stein  
Eli Mohn  
Lars Vesetvik  
Olav Kvamme  
Henning Helleland.

#### Varamenn:

Aslaug Hanstveit  
Solveig Lavik  
Gudny Hundhammar  
Gustava Bruvik  
Arvid Teigland.



ALT I  
GRAV-  
MONUMENTER

**Espeland Gartneri**

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå  
Telefon 40809 — Espeland

20  
14  
3  
▽

**Preikeliste for Arna prestegjeld**

4. s. i adv. 21. desember:

Arna Aldersheim: Soknepresten. Nattverd.

**Joleafta:**

Arna: Soknepresten.

Ytre Arna: Res. kap.

Me i Arna lyt ha 2 tenester joleafta — kl. 15.00  
for Lone—Haukeland og Tunes, for Arna—  
Garnes kl. 16.00. Bussar går til 1. preika.

**Joledag:**

Sellevoll — Tesdal.

Ytre Arna: Res. kap.

Båe stader offer til N.M.S.



**Sundag e. jol, 28. desember:**

Arna: Res. kap.

**Nyårsdag:**

Arna: Soknepresten.

Ytre Arna: Res. kap. Nattverd.



**Kristi op.br.s. 4. januar:**

Arna: Misjonsprest Otto Torvik. I høve 30  
årsjubileum for Muhammedanermisjonen.

Ytre Arna: Res. kap.

**1. s. e. Kr.op., 11. januar:**

Arna: Res. kap.

Ytre Arna: Soknepresten.

**2. s. e. Kr.op., 18. januar:**

Arna: Soknepresten.

Ytre Arna: Res. kap.

**S. septuagesima, 25. januar:**

Arna: Res. kap.

Trengereid K.: Soknepresten.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

+ Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund +